Våren 2020

Ei dansekunstutdanning som del av det globale kulturmangfaldet - Det har blitt ein marknad for scenisk folkedans

Dyktige danseutøvarar og kulturentreprenørar har opna ein marknad for scenisk norsk folkedans. Institusjonar og einskilde kunstnarar i feltet utviklar i dag eit dansekunstspråk som er unikt for Noreg. Gode danseproduksjonar trekker til seg et stort publikum både innanlands og utanlands.

> *"Det finst jobbar for folkedansarar, men det er mangel på folkedans-kunstnarar som kan fylle posisjonar i dansekunstprosjekt."*
> Sigurd Johan Heide, Kartellet

Det er ein stor og aukande etterspørsel etter kvalifiserte dansarar som beherskar rett teknikk og estetikk. Dansekompania manglar dansekunstnarar med tradisjonsdans som basis. Utgreiingar viser at rekrutteringsgrunnlaget er til stades. I Noreg i dag er det ingen institusjon som utdannar dansekunstnarar i folkedans sjølv om etterspørselen etter dansarar er stor.

Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk, Rauland ved Høgskulen i Sør-Aust-Noreg (USN) ønskjer å ta eit nasjonalt ansvar også for folkedansen. Eit samla folkedansmiljø i Noreg med utøvarorganisasjonar, kompani og folkedansforskingsmiljøet i spissen støtter oppretting av eit studieprogram for scenisk folkedans ved USN. Eit krav er studiefinansieringsgrad B, og ein ønskjer 20 studieplassar. Fagmiljøet ved USN ønskjer å opprette studiet i tett kontakt med kompani og dansarar som har basisen sin i scenisk folkedans. Norsk senter for folkemusikk og folkedans er med som samarbeidspart. Sentret har vore aktiv drivkraft i folkedansutdanningar (sidan 1989), og var strekt involvert i prøveordninga med BA i utøvande tradisjonsdans ved NTNU 2009-2012. Alle desse studia er i dag lagt ned av finansielle universitets-politiske grunnar.

Dansekompania opplever mangel på profesjonelle folkedansarar som kan arbeide heiltid på produksjonar. Frikar driv Talent Norge-prosjekt, samtidig er dei og dei andre kompania avhengig av å hente inn folkedansarar som driv med det på hobbybasis, skodespelarar eller dansarar frå andre dansesjangrar – ein situasjon som absolutt ikkje er tilfredsstillande.

Det er viktig å stimulere til at fleire vel folkedans som kunstnarleg uttrykk, og det er avgjerande at det finst høve til å profesjonalisere seg og at det vert etablert ein arena for å arbeide med norsk tradisjonsdans i eit kunstnarleg perspektiv.

Villniss. Foto: Ingvill Skeie Ljones

Vi ser det som staten si oppgåve å stimulere og legge til rette for utvikling av eit norsk dansekunstspråk, og meiner det må opprettast ei høgare kunstnarleg utdanning for tradisjonsdans i Noreg.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans
FOLK ORG
Noregs Ungdomslag
USN Universitetet i Søraust-Noreg
Villniss Dansekompani
HILDUR DANSEKOMPANI
STUDIEFORBUNDET KULTUR og TRADISJON
KARTELLET
RIKSSCENEN
Ole Bull Akademiet
CREO
NORSKE DANSEKUNSTNERE